



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom, Ulvik herad, sentrumsbygget

Dato: 27.05.2025

Klokkeslett: 18:00 – 20:30

Tilstades på møtet

Medlemer:

Atle Ulgenes, Stig Yngve Røkenes, Katrina Kvåle Hellesnes

Forfall: Johannes Sponheim, Kåre Olai Solheim

Referent/dagleg leiar: Ole Rune Røkenes

Saker:

11/25: Meldingar

12/25: Retningslinjer - godtgjersle til styret

13/25: Fellesfiskekortet, prisendring

14/25: Prisendringar jakt og fiske

15/25: Fiskeutsett 2025

16/25: Småviltjakt 2025

17/25: Orientering v/styreleiar

18/25: Orientering v/dagleg leiar

19/25: Eventuelt

Publisert: 03.06.2025

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Atle Ulgenes/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Katrina Kvåle Hellesnes/s/

~~Kåre Olai Solheim/s/~~

~~Johannes Sponheim/s/~~

11/25: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal:

2025.12.02-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Storurdi-Finse, 2 skutrar inntil 6 turar, utbedring hytter,Øen hyttebygg

2025.13.02-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse-Ramnaberghytta, inntil 3 turar ifm arbeid på hytta. Hotel 1222 v/B. Øydvin

2025.19.02-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve helikopter ved Finsehytta ifm Finsekurset 2025

2025.25.02-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Hallingskeid-Saata vaktarbustad. 2 turar, april. Geir Teigland

2025.04.03-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok frå møte i Ulvik fjellstyre den 24.02.2025. Årsmelding 2024

2025.04.03-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok frå møte i ØN fjellstyre den 18.02.2025. Årsmelding 2024

2025.06.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Lågheller. Transport til hytte, 1 tur april. Nina Luhr

2025.06.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Lågheller, Fokstova. Transport til hytte, 3 turar april. Tor Grini

2025.10.03-012.1. Røldal fjellstyre - Møtebok frå møte i Røldal fjellstyre den 19.02.2025

2025.11.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Høgda vaktarbustad. Transport til hytte, 1 tur april. H. Rolland

2025.11.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse/Hallingskeid - Saata vaktarbustad. Transport til hytte, 2 tuar april. G. Teigland

2025.20.03-434.4. Ulvik fjellstyre - Uttale ifm søknad om motorferdsel og bruk av drone, 71' Nord, Norges tøffeste kjendis, mai 2025

2025.10.03-012.1. Røldal fjellstyre - Møtebok frå møte i Røldal fjellstyre den 19.02.2025

2025.10.03-012.1. Eidfjord fjellstyre - Møtebok frå møte i Eidfjord fjellstyre den 05.03.2025

2025.03.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Låheller, 1 tur t/r 13-20 april, material utstyr, H. Urdal

2025.03.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Grjotrust, 1 tur t/r 10 april. Rep. Hytte. M. Os.

2025.03.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Hallingskeid - Lågheller, 1 tur, t/r. 13-21. april. Ved og utstyr. W. Karlsen

2025.03.04-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok frå møte i Øvre Numedal fjellstyre den 20.03.2025

2025.03.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Osa - Hallingskeid, 1 tur, t/r. 12-30. april. Material til hytte. A. G. Sortland

2025.05.04-001.5. Hardangervidda villreinutval - Nye vedtekter vilreinutvalet, vedtak årsmøtet 28.03.

2025.08.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Sandå vaktarbustad, 2 turar t/r 12-21.april. T.H. Bjørnstad

2025.08.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport og framkøyring av gravemaskin Finse stasjon-Finsebyen 13. Utbetring hytte 10.04-15.05.B.I.Rokne

2025.10.04-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til skutertransport og framkøyring av gravemaskin Finse stasjon-Finsebyen 13.Utbetring hytte 10.04-15.05.B.I.Rokne

2025.13.04-434.4. Voss utferdslag - Søknad om fleirårige løyver til transport til Kaldavasshytta arbeid, transport ved, gass, utstyr. J. Minde.

2025.16.04-652.4. Vestland fylkeskommune - Tilskot til prosjekt tynnefiske i Søre Grøndalsvatnet, 2025.

2025.25.04-001.5. Villreinutvalet for Nordfjella - Referat frå møte i villreinutvalet, 09. april

2025.11.09-016.0. Klima og Miljødepartementet - invitasjon til åpent møte om tiltaksplan for villrein i Nordfjella, 9. mai i Flåm

2025.29.04-012.1. Ullensvang fjellstyre - Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre den 01.04.2025

2025.08.05-001.5. Villreinnemnda for Nordfjella - Kvotevedtak villrein, Nordfjella 2025

2025.12.05-001.5. Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Kvotevedtak villrein, Hardangervidda 2025

2025.15.05-001.5. Statskog, Grunneigarfondet. Avslag på søknad om midlar, istandsetjing Rundavassbu

2025.16.05-145.9. Sparebankstiftinga Hardanger. Avslag på søknad om midlar, istandsetjing Rundavassbu

Saksutgreiing:

Orientering v/dagleg leiar om aktuelle saker sidan sist møte i fjellstyret 24.02.2025 og fram til dato for møteinnkalling.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Dagleg leiar orienterte om aktuelle saker sidan sist møte i fjellstyret 24.02.2025 og fram til dato for møteinnkalling. Stig Y. Røkenes orienterte om status på kvote og reetablering på Nordfjella. Styreleiar orienterte om kvote på Hardangervidda. Dagleg leiar orienterte om status på søknader om midlar.

Drøfting rundt saka med reetablering på Nordfjella. Jf dei signala som ligg føre, må Ulvik fjellstyre allereie no byrje å planleggje med eventuell freding etter reetablering i Nordfjella frå 2026. Dette vil bety bortfall av inntekter på villreinkort for fjellstyret.

Vedtak (sak 11/25):

Styret tok gjennomgangen til etterretning.

12/25: Retningslinjer – godtgjersle til styret

Saksdokument:

- Framlegg til Retningslinjer – godtgjersle til styret.

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har pr i dag ein gjeldande praksis på utbetaling av møtegodtgjersle til styremedlemmer i samband med fjellstyremøter og eksterne møter i regi fjellstyret. Deltaking i villreinutvalet på Hardangervidda og Nordfjella (med unntak av årsmøte) vert dekkja av utvala sjølv. Fjellstyret brukar Ulvik herad sine møtesatsar (iht gjeldande forskrift). Desse er kr. 720,- for møter inntil 4 timar, og kr. 1 005,- for møter over 4 timar. Ulvik fjellstyre ynskjer å utarbeide skriftlege retningslinjer for godtgjersle til styremedlemmer. Dagleg leiar har (jf vedtak i styremøte den 24.02.2025) sett opp framlegg til Retningslinjer – godtgjersle til styret.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre vedtar «Retningslinjer – godtgjersle til styret» slik dei ligg føre, med eventuelle endringar som framkjem i møtet.

Referat:

Framlegg til Retningslinjer for godtgjersle til styret var lagt fram og gjennomgått. Pkt. 6 vedr tapt arbeidsforteneste vart omformulert slik: «*Tapt arbeidsforteneste ifm deltaking på styremøter eller møter i regi fjellstyret, vert godtgjort som møtesatsar jf. pkt. 2.*». I pkt 2. vart det i tillegg lagt inn følgjande setning: «*Digitale møter er sidestilt med same møtesats som for fysiske møter*».

Vedtak (sak 12/25):

Styret vedtok «Retningslinjer for godtgjersle til styret» med endringane som er gjort greie for.

13/25: Fellesfiskekortet, prisendring

Saksdokument:

- Referat frå fellesmøte 28.03.2025 med framlegg til prisendring

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre, Røldal fjellstyre, Eidfjord fjellstyre og Ulvik fjellstyre har saman ei ordning om sal av fellesfiskekortet. Ullensvang fjellstyre v/sekretæriat administrerer ordninga. Inntektene vert ved årslutt fordelt fjellstyra etter vedtatt fordelingsnøkkel. Sist gong det vart gjort ei prisendring var i 2022. I samband med styremøte i FH as den 28.03.2025, vart det helde eit eige møte for dei 4 fjellstyra om prisendring etter framlegg frå sekretær ved Ullensvang fjellstyre. Endringa inneber ei prisauke frå 600,- til 800,- for vekeskort, og ei prisauke frå 1200,- til 1600,- for sesongkort. Kvart enkelt fjellstyre må gjera einskilte vedtak før prisjusteringa kan setjast i verk.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre vedtek framlegg til prisendring på fellesfiskekortet slik det ligg føre.

Referat:

Styreleiar og dagleg leiar gjorde greie for saka.

Vedtak (sak 13/25):

Samrøystes vedteke.

14/25: Prisendringar jakt og fiske

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre gjorde ei prisendring på hytteutleige i 2024. Ein meiner at utleigeprisane framleis er på eit riktig nivå, og det er derfor ikkje riktig å endre prisane igjen i 2025. Prisane på villreinkort har lagt på same nivå i fleire år grunna Cwd-situasjonen og høgt fokus på uttak av vaksen bukk. I år det er i tillegg til «vaksen bukk», opna opp for eit lite antal kort «fritt dyr» og «kalv», men antalet er begrensa. Det er såleis riktig at kortprisane på villrein ligg fast utan endring også i 2025.

Frå 01.01.2025 er det kome nye prisrammer for prisar på jakt og fiske i statsallmenningar. Nye rammer kom i stand etter initiativ frå Norges fjellstyresamband med bakgrunn i den generelle kostnadsauken dei siste åra. NFS oppfordrar alle fjellstyra til å nytte dei nye rammene fullt ut. Nye prisrammer for 2025 ligg i *Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning*.

	Gjeldande prisar	Prisramme	Framlegg til vedtak:
Fiske			
Døgerkort stongfiske	kr 110	kr 130	kr 130
2-døgerskort stongfiske	kr 190	kr 230	kr 230
3-døgerskort stongfiske	kr 290	kr 340	kr 340
Vekeskort stongfiske	kr 390	kr 460	kr 460
Sesongkort stongfiske	kr 790	kr 930	kr 930
Garnkort inkl. stang for innanbygdsbuande	kr 350		Ingen
Garnkort utanbygdsbuande Langavnt	kr 550		Ingen
Småviltjakt for innanbygdsbuande			
Dagskort	kr 140	kr 165	kr 165
Vekeskort	kr 790	kr 930	kr 930
Sesongkort	kr 1000	kr 1520	kr 1520
Småviltjakt for utanbygdsbuande			
Dagskort	kr 280	kr 330	Kr 330
Vekeskort	kr 1580	kr 1860	kr 1860
Sesongkort	kr 2000*	kr 3040	kr 3040

*prisramme sesong småvilt i 2024 var kr. 2590,-

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre vedtek nye prisar på småviltkort og fiskekort slik dei ligg føre i saksutgreiinga.

Referat:

Dagleg leiar gjorde greie for saka.

Vedtak (sak 14/25):

Fjellstyre vedtok nye prisar på småviltkort og fiskekort slik dei ligg føre i saksframlegget.

15/25: Fiskeutsett 2025

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Jf. sak 32/24; Fjellstyret hadde saka til drøfting og vedtak. Fylgjande vedtak vart gjort: «Fjellstyret ynskjer å setje ut fisk i 2025. Ein vil freiste å søkje om eksterne midlar til dette. Vedtak om utsett i 2025, dvs kva vatn, kostnader og antal fisk vil fjellstyret gjera i løpet av vinteren 2025. Grunna høge kostnader til fiskeutsett i Finseområdet, er fjellstyret avhengig av eksterne midlar dersom fiskeutsett i dette området kan gjennomførast». Ulvik fjellstyre har søkt Vestland fylkeskommune sine midlar til fiskekultivering og har fått støtte til innkjøp av garn til tynnefiske i Søre Grøndalsvatnet. Midlane dekkar ikkje utsett av fisk. Fjellstyret står såleis utan eksterne midlar til utsett av fisk i 2025. Det er i samband med vedteke budsjett for 2025 sett av kr. 30 000,- til tiltaket.

Sakshandsamar har henta inn prisar på aureyngel, 1-somring, pr. stk. inkl. mva:

Setjefiskanlegget i Simadal: Kr. 25,-. Hallingfisk as: Kr. 47,50. Fjellstyret vil såleis frå størst utbytte med å kjøpa fisk frå Simadal og setja ut i vatn som kan nåast anten til fots eller med båt. Maks antal timar for fisk i pose er inntil 3-4 timar. Dette betyr at fjellstyret i praksis hentar fisken i Simadal og transporterer denne til Osafjellet for vidare transport med båt eller til fots. Aktuelle vatn/vassdrag mtp fjellstyret sin utsett-historikk er vatna på nord- og sørsida av Langavatnet og vassdraget frå Ripsetjørnane til Langavatnet, og vatna/vassdraget i Austdalen så langt aust som til Svartasteinsbotn. Ved utsett i Austdalen er ein avhengig av tilkomst med båt via Rundavatnet.

Sakshandsamar legg fram framlegg om kjøp av 1000 aureyngel hjå setjefiskanlegget i Simadal til ein kostnad på kr. 25 000,-. Resterande midlar i høve budsjett vil verta nytta til vaksinasjon av fisken og transport-utgifter.

Søknad om utsett, herunder antal og namn/posisjon på vatn, vert sendt Vestland fylkeskommune v/sakshandsamar.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre kjøper inntil 1000 aureyngel hjå setjefiskanlegget i Simadal. Fjellstyret vedtar kva område ein ynskjer å prioritere for utsett av fisk i 2025, dvs område Langavatnet og-/ eller Austdalen. Fjellstyret vedtek nærare fordeling av antal fisk i dei ulike vatna. Utsett vert gjort i juli/augst etter nærare plan.

Referat:

Saka vart drøfta. Det kom fleire forslag om aktuelle vatn for utsett. Styret stilte seg bak at vatn på Osafjellet med lett tilkomst vert valgt ut. Fjellstyret sin historikk for fiskeutsett vart gjennomgått. Alle vatna fjellstyret valgte ut er det sett ut fisk tidlegare. Fjellstyret har erfaring med at desse vatna har gode levevilkår for fisken.

Det vil vera behov for mannskap på dugnad ifm utsetjinga. Aktuell dato for utsett vart sett til torsdag 14. august. Dagleg leiar avtalar nærare med setjefiskanlegget i Simadal.

Det vert sendt søknad om utsett til Vestland fylkeskommune.

Vedtak (sak 15/25):

Fjellstyret vedtok utsett av totalt 1000 aureyngel, 1-somring i følgjande vatn, herunder fordeling:

- Olbogavatnet – 300 stk.
- Floskefonnsvatnet – 300 stk.
- Rundavatnet – 200 stk. Alternativ fordeling: Rundavatnet 100 stk, Vetla Rundavatnet 100 stk.
- Vatn mellom Ripsetjørnane og Langavatnet austre (UTM32 Nord 6714624.3398 Aust 401013.4689) – 100 stk.
- Vatn mellom Ripsetjørnane og Langavatnet vestre (UTM32 Nord 6714554.5338 Aust 400280.519) – 100 stk.

16/25: Småviltjakt 2025

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I framkant av småviltjakta i 2023 og 2024 gjorde fjellstyret, etter vurdering, vedtak om sal av eit avgrensa antal kort til utanbygdsbuande. Reduksjon i antalet kort for sesongen 2023 og 2024 var 35% samanlikna med 2022. For innanbygdsbuande var det fritt sal, då dette utgjør eit svært lite antal av kortsalet. Korta vart lagt ut for sal på inatur.no etter annonsert dato den 1. august. Jakttida var som tidlegare 15.09 – 23.12.

Fjellstyret gjorde i 2024 vedtak slik:

- Skipanuten/Osafjellet jaktfelt: **7** vekeskort (15.09-21.09). **10** vekeskort (22.09-28.09)
- Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt: **10** vekeskort (15.09-21.09). **10** vekeskort (22.09-28.09)
- Finse sør jaktfelt: **7** vekeskort (15.09-21.09). **10** vekeskort (22.09-28.09)
- Nordfjella jaktfelt: **10** vekeskort 15.09-21.09) **10** vekeskort (22.09-28.09)
- I tillegg vert det lagt ut **3** sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt.
- Etter 14 dagar ut i jakta vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta.
- Innanbygds-jegrar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jakttag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.

Erfaringane ein gjorde i etterkant av jakta i 2024, var samla sett gode. Eit avgrensa kortsal førte til eit forholdsvis lavt antal jegerar i fjellet og mindre jakttrykk, særskilt på fjellrypa som er den dominerande arten. Antalet jaktdøgn totalt var 349, og antalet felt vilt var 167. For 2023 var det 275 jaktdøgn og 113 felt vilt. Værmessig herunder første snøfall, var vesentleg dårlegare i 2023 enn i 2024, noko som har betydning for antalet jaktdøgn og fellingar. Med overnevnte ordning, meiner ein å ha funne ein god balanse med når det gjeld jakttrykk og forsvarleg uttak, slik at ein på denne måten ivaretek ei god forvaltning av småviltbestandane.

Framlegg til vedtak:

Med henblikk på dei gode erfaringane fjellstyret har gjort etter evaluering av småviltjakta i 2024, viderefører fjellstyret nivå på kortsalet for jakta 2025, (lik som for jakta i 2024):

- Skipanuten/Osafjellet jaktfelt: **7** vekeskort (15.09-21.09). **10** vekeskort (22.09-28.09)
- Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt: **10** vekeskort (15.09-21.09). **10** vekeskort (22.09-28.09)
- Finse sør jaktfelt: **7** vekeskort (15.09-21.09). **10** vekeskort (22.09-28.09)
- Nordfjella jaktfelt: **10** vekeskort 15.09-21.09) **10** vekeskort (22.09-28.09)
- I tillegg vert det lagt ut **3** sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt.
- Etter 14 dagar ut i jakta vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta.
- Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jakttag. Desse korta gjeld i heile Ulvik Statsallmenning.

Dato for opning av kortsal på inatur.no vert annonsert god tid i forkant på Ulvik fjellstyre sine facebook-sider og nettsider. Korta vert lagt ut for sal i byrjinga av august 2025. Jakttid er som før, 15.09 – 23.12.

«Bag-limit» på rype er som tidlegare – pr jeger: Inntil 2 pr dag, inntil 5 pr veke, inntil 8 pr sesong. Jakttida er 15.09 – 23.12.

Fjellstyret vil gjere ei ny vurdering opp mot eventuell freding, dersom det framkjem opplysningar/informasjon gjennom sommar og haust som gjer det naudsynt å vurdere dette.

Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom saka.

Vedtak (sak 16/25):

Samrøystes vedteke.

Fjellstyret vil gjere ei ny vurdering opp mot eventuell freding, dersom det framkjem opplysningar/informasjon gjennom sommar og haust som gjer det naudsynt å vurdere dette.

17/25: Orientering v/styreleiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Styreleiar orienterer om saker og aktivitet sidan sist møte.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Styreleiar orienterte om saker og aktivitet sidan siste møte:

- Villmarkshelg for ungdom i Osa, 9-10 august. Invitasjon er gått ut til 8-10 klasse i Ulvik og Eidfjord. Maks antal deltakarar er 50.
- Deltatt på møte i samband med Skarverennet.
- Deltatt på møte i Finse Forum.
- Deltatt på styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as 28.03 og Vår møte 29.03.
- Orientering ved Statskog ifm styremøtet den 28.03 om etablering av båtregister i statsallmenningane. Det vert helde nytt møte med Statskog ifm haustmøtet.
- Det er behov for å sjå på fisketider med garn i Ulvik statsallmenning. Saka vert sett opp til neste styremøte.
- Styreleiar har ordna med byggematerial og transport til Rundavassbua, slik at det no er klart oppstart av arbeidet i sommar

Vedtak (sak 17/25):

Styret tok orienteringa til etterretning.

18/25: Orientering v/dagleg leiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Dagleg leiar orienterer og saker og aktivitet sidan sist møte.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Dagleg leiar orienterte om saker og aktivitet sidan siste møte;

Tildeling av midlar:

- Vestland fylkeskommune, fiskekultiveringstiltak Søre Grøndalsvatnet. Kr. 21 000,-

Søknader:

- Grunneigarfondet v/Statskog, 28.02. Istandsetjing Rundavassbu. Avslag.
- Sparebankstiftinga Hardanger, 31.03. Istandsetjing Rundavassbu. Avslag.

Avtalt arbeid Hardangervidda fjelloppsyn:

- Istandsetjing Rundavassbu. Material og betong er kome på plass.
- Beisearbeid Dyrahola
- Utbetring av båt Dyrahola
- Finsebu, tilsyn
- Tilsyn, skjøtsel, vedlikehald 7-9. april i Ulvik statsallmenning
- Fiskekultiveringstiltak i Søre Grøndalsvatnet

Sal av villreinkort:

- Orientering om status.

Lengjedalsbua:

- Status Lengjedalsbua. Bua er open og det er ein del bruk. Ved og gass vert nytta. Lite inntekter kjem inn. Fjellstyret vil vurdere tiltak for å betre situasjonen. Saka vert sett opp til handsaming i neste styremøte.

Saker og møter:

- Møte med Statnett 5. mai. Nye master for fiber v/Langavatnet. Status. Riggplass – bruk av båt – brøyting til Langavatnet planlagt i veke 21.
- Uttale til Statskog vedr bruk av klatremaskin, 3 mastepunkt. Nye master for fiber v/Langavatnet.

Møter:

- Personalsamling for tilsette i Fjellstyra på Hardangervidda as, 04-05. juni, Ulvik.
- Generalforsamling og styremøte Fjellstyra på Hardangervidda as, 10. juni.
- Møte om tiltaksplanar for villrein i Nordfjella, 9. mai.
- Møte om tiltaksplanar for Hardangervidda, 15. mai.

Vedtak (sak 18/25):

Styret tok orienteringa til etterretning.

19/25: Eventuelt

Styreleiar ifm si orientering: Det er behov for å sjå på fisketider med garn i Ulvik statsallmenning. Saka vert sett opp i neste styremøte.

Dagleg leiar ifm si orientering: Tok opp tilhøva rundt bruk av Lengjedalsbua. Bua er open og det er ein del bruk. Ved og gass vert nytta. Lite inntekter kjem inn. Fjellstyret vil vurdere tiltak for å betre situasjonen. Saka vert sett opp til handsaming i neste styremøte.